



## Vedlegg sak 5/ 2018 Forslag til overordna mål/mål for programarbeidet

### Regelverk og drøftingar:

I tråd med regelverket for 2018 skal programfylka formulere overordna mål/mål for programarbeidet i fylket knytt til tilskotsordninga. Måla skal vere drøfta med kommunane og andre potensielle samarbeidspartar.

### Mål og målgruppe for den nasjonale satsinga:

«Målet med tilskuddsordningen er å styrke kommunenes arbeid med å fremme befolkningens helse og livskvalitet. Programmet skal fremme lokalt rusforebyggende arbeid og bidra til å integrere psykisk helse som en likeverdig del av det lokale folkehelsearbeidet, Barn og unge skal være en prioritert målgruppe.

Tilskuddsordningen skal bidra til:

- utvikling av kunnskapsbaserte lokale tiltak, arbeidsmåter og verktøy for å fremme barn og unges livskvalitet og psykiske helse og rusforebyggende arbeid i kommunene.
- å integrere barn og unges psykiske helse som en likeverdig del av det lokale folkehelsearbeidet.
- samarbeid mellom aktører innen blant annet skole og barnehage, fritidssektoren, helsetjenesten, politiet og frivillig sektor.»

Kjelde: regelverket for tilskotsordninga godkjend av HOD 04.12.2017.

### Rammer for målsetjingar for Program for folkehelsearbeid i Hordaland:

Programarbeidet i Hordaland skal støtte opp under det overordna målet med folkehelsearbeidet i fylket som er å bidra til eit langsiktig og systematisk arbeid som gir gode leveår, og som jamnar ut sosiale helseforskjellar. Programarbeidet skal også støtte opp under Regional planstrategi 2016-2020 /hovudmål 2.2 eit inkluderande samfunn. Tematisk innretning av tiltaka er knytt opp mot hovudinnsatsområda i Regional plan for folkehelse 2014-2025. Sjå sak 6.

Deltaking i programmet skal styrke Regional plan for folkehelse 2014-2025 sine perspektiv knytt til utvikling av strukturelle tilhøve gjennom inkludering, befolkningsretta innsats og helsefremjande arbeid.

Framlegg til overordna mål /mål for arbeidet vart drøfta med kommunane den 15.01.18. Alle kommunane i fylket var inviterte til å delta. To FOU-miljø var til stades i møtet.

Framlegg til mål for drøfting i samarbeidsorganet:

**Overordna mål:**

Hordaland på lag for betre psykisk helse for alle barn og unge.

**Mål:**

- Psykisk helse skal vere integrert i folkehelsearbeidet i kommunane, og vere synleg i kommunale og regionale dokument/planar.
- Redusere sosiale helseforskjellar blant barn og unge innanfor programmet sine temaområder/kommunane sine valde innsatsområder
- Barn og unge opplev ei auka kjensle av meistring, ei god psykisk helse og livskvalitet og ein betre trivsel i sine nærmiljø.
- Barn og unge har i høgare grad medverknad i planlegging og tiltaksutvikling i kommunane.
- Kommunane har betre kunnskap om faktorar som skaper god psykisk helse, og korleis barn og unge i kommunen sin psykiske helse er.
- Kommunane kjenner til kva tiltak som kan betre barn og unge sin psykiske helse, og har meir kunnskap om helsefremjande arbeidsmetodar og tiltak.
- Kommunane jobbar meir systematisk og kunnskapsbasert med det rusførebyggjande arbeid.
- Auka samarbeid mellom aktørar i kommunane som arbeider med barn og unge
- Del prosjektkommunar med frivilligheitspolitikk har auka.
- Auka samskaping mellom kommunane, privat sektor og frivillige lag og organisasjonar
- Auka samarbeid mellom kompetanse- og forskingsinstitusjonar, Hordaland fylkeskommune og kommunane innanfor programmet sine innsatsområder.
- Kommunane driv aktiv deling og læring mellom seg knytt til erfaring som programkommune.